

# Vil du bli ein del av teamet i **Union Spa**?

## Union Spa søker ass. spansvarleg/ Hud- og kroppsterapeut

Er du fagleg trygg, serviceinnstilt og har ei roleg og profesjonell tilnærming til behandlingar? No har du sjansen til å bli ein del av teamet vårt ved Union Spa i vakre Geiranger.

Hos oss møter du gjester frå heile verda som kjem for å finne ro, velvære og påfyll i spektakulære omgjevnader. Union Spa er ein viktig del av Hotel Union Geiranger, og vi legg stor vekt på kvalitet, tryggleik og eit varmt vertskap. Som del av teamet vårt får du bruke kunnskapen din i eit miljø der vi støttar kvarandre, deler erfaringar og brenn for å gi gjestane den beste opplevinga.

**Bli med oss, og ta del i eit team som jobbar i verdas vakraste omgjevnader!**

## Om Hotel Union Geiranger

Hotellet vart opphavleg bygd i 1891 i tradisjonell dragestil/sveitsarstil. Familien Mjelva overtok drifta i 1899 og har gjennom generasjonar utvikla hotellet til det det er i dag – eit moderne hotell med kurs- og konferanseavdeling, spa, basseng, nattklubb og unike opplevingar for gjestane våre.

Hotellet blir no drive av fjerde generasjon vertskap, Monja og Sindre Mjelva, som vidarefører den sterke Union-atmosfæren med fokus på kvalitet og service.

## Arbeidsoppgåver:

- Utføre ansikts- og kroppsbehandlingar etter våre standardar.
- Utføre klassisk massasje.
- Sal av produkt og behandlingar.
- Bidra til at gjestane våre får ei avslappande og profesjonell oppleving.
- Oppfølging og vedlikehald av behandlingsrom og spaavdeling.

## Vi ser etter deg som:

- Er utdanna hud- og kroppsterapeut.
- Har erfaring frå liknande arbeid.
- Har evne til å skape ro, tillit og velvære hos kundane

- Er positiv, fleksibel og likar å jobbe i team.
- Kommuniserer godt på norsk eller engelsk.

## Vi tilbyr:

- Jobb i eit moderne og veletablert spa, i spektakulære omgjevnader.
- Gode kollegaer og eit inkluderande arbeidsmiljø.
- Variert arbeidskvardag med ulike behandlingar og kundar.
- Konkurransedyktige vilkår og moglegheit for personalbustad.

## Søknad og frist

Søknad sendast til spa- og husøkonomansvarleg Jenny M. Knivsflå

E-post: [jenny.muren@hotelunion.no](mailto:jenny.muren@hotelunion.no)

**Søknadsfrist: Snarast**

Vi gler oss til å høyre frå deg!